

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 23.

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Eidfjord

Emne: Bordokik til hverdags.

Bygdelag:

Oppskr. av: Gudmund Færevik.

Gard: Hamra

(adresse): Vik i Eidfjord

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

1. Ein sat ved bordet til alle måltider.
2. Heile huslyden sat med same bordet. Det er enno åmen skikk.
3. Alle et på same tid på kjøkenet både husbondsfolk og tenarar.
4. Det er ikkje skil på maten, alle for same slag mat.
5. Dei fleste et på kjøkenet sumars lag; men om vinteren et mange i ståva serleg når det er kaldt.
6. Husbondsfolk og tenarar et på same staden.
7. På dei fleste gardar har kvar sine visse plasser ved bordet. Husbonden set òvst for dei andre plasser er her vist ikkje visse reglar.
8. Det har vore skikk at borni laut stå ved bordet for. Borni var vel i fem års alderen då dei laut stå ved bordet. Det er vel ùmlag 40 år sidan det vert slutt med at borni laut stå å eta.
9. Husbondens plass plass nemmer ein òvst. Høgsetet hever ein skjellan nemnt.

10. Hledersplassen i ei motvunde stova er vel den første plassen.

11. Foi var ein ikkje nøye med å vaske hendene sine foi ein gjekk til bord.

Det er vel umlag 50 år sidan ein tok til med å leggja vinn på å vaske hendene sine foi ein gjekk til bords.

Mannfolk har brukt å ta av seg huva ved bordet so lenge gamle folk kan minnast.

12. Alle åt av same fatet til omlag år 1900. fortel Anna Hamra.

Dei åt graut og suppa av same fatet.

Ein hadde felles mjølkefat til grauten.

Det var omkring århundreskiftet at ein fekk kvar sin mjølke kopp.

Det var skåler av steinly ein brukar til å ha mjølka i, og ein nemner det mjølkeskål. Ein tok ei skud graut og duppa henne i mjølkefatet når ein åt.

Ein tok no og ei skud graut og duppar henne i mjølkeskåla. Når ein har ete grauten opp og har mjølk att so drikk ein henne direkte av mjølkeskåla.

Det har vore slik, og er det enno, at ein tokar so mykje graut om gangen at ein har til to mål. Til det andre målet varmer ein mjølka og tar henne opp i ei mugga, grauten tar ein i eit fat med ei skud i, ein tok då graut or fatet med skuda og tar han på kvar sin talark, og so slår ein mjølk på. Det er truleg at det var fyrst då dei tok til å drikk kaffi at dei fekk kvar sin kopp til å drikk i.

- Ein segjer og alltid kaffikopp.
13. Gamle folk kan ikkje sugsa at dei sette gryta direkte på bordet.
14. Ein brukte og brukar det enno i men mindre enn før, å ha flesh og fjot mellom flattbrødet når ein åt. Det er no serleg av flesh ein lagar betar; men før laga ein betar av fisk og. Når ein laga betar tok ein eit flattbrød stykke og so la ein surte på fyrst og so la ein på poteter so la ein eit flattbrød stykke oppå, ein hadde jamnast fleire dubler med flattbrød. Pamnet er bete.
15. Det vert ikkje halde for nokon iorskikk å ta sukkermålen i munnen å drikk kaffi til.
16. For var det meir vanlegt å drikk kaffi av skåla (ein segjer kaffet her) men i dei siste 30 åra må ein vel segja at det ikkje vert halde for god bordskikk å drikk kaffi av skåla; men til kvardags so er det dei fleste som gjer det.
17. Det er vel umlag 50 år sidan ein tok til å bruke gaffel her.
18. Mennene brukte <sup>høtt</sup> kniven ved bordet til å skjara spetjefjot med. Kvinnene brukte bordknivar.
19. Ein hadde kvar si skeid. Har ikkje høyr at skienne var merkte med namn. Har høyr 7 gamle folk selja at når ein hadde ete so turka ein av skeidi på bokselåret og so sette ein henne i ei veggsprokka. Det var helst born skier vart laga

av; men skeiene kunde og vera av tre og so hadde dei sylvskier som dei brukte når det var gjestebad. Seinare fekk ein allmenium og nysylvskier og sist rustfrie jarnskier.

Anna Hamra, som no er snart 70 år gamal, har fortalt at dei har vaska skiene kringom her, so lenge som ho kan minnast.

20. Det er umlag 80 år sidan ein tok til å bruke stinftyfalar her. For la ein eit flatbrødstyffe på bordet og so la ein smør og potetene nyså det. Ein nytta altså dette flatbrødstyffe som talark.

Ein gjekk over frå fellestat til talarkar til graut og suppa for omlag 50 år sidan. Frå talarkar hadde dei bruk nokre for.

21. Det er umlag 30 år sidan at ein tok til å bruke bordduk til kvardags. Duken let ein ligga på bordet mellom måltidene.

22. Det er vokstuk ein brukar.

23. Alle kunde ta til seg so mykje dei vilde. Har ikkje høyrst at nokon her tok til seg etter nokon bestemt rekkefølge. Er det hende at ein hadde nok godt; men lite av det, so kunde husnori dela det ut, eller ikkje etter nok bestemt regel.

Delingi kalla ein for etla.

24. Har ikkje høyrst at nokon etla ut smør og ost. Heller ikkje har eg høyrst at brød vart delt ut. Har sett at når sume har køpt dravle so har dei

5.  
etla ut noko av han med same han  
var koft resten var set burt til  
helga kam.

25. Ein meiner at kvinnor tung  
mindre mat.

26. Borna er umlag 3 år gamle når  
dei et utan hjelp ved bordet. Men mori  
auser opp suppa og stiller maten til på  
falerkame åt borni til dei er nokre år  
eldre. Det er helst mori som hjelper  
dei små borni; men faren og eldre  
syskin kan og hjelpe dei.

27. Det var ålment å fygja maten  
åt små born.

28. I dei fleste heimar les ein før og  
etter maten. Dei voksne les stille;  
men borni les høgt. Det er helst eit  
barn om gangen som les høgt.

29. Har aldri høyrst at det var for bode  
å snakka ved bordet. Húsbonden foier  
ikkje ordet meir enn andre.

30. Har ikkje høyrst at ein heldt det  
for skamlegt å le ved bordet.

31. Delt var forbode å syngja ved bordet.  
Her er eit ordtak om det:

Mannen viste ikkje at tjeringi var  
gali, før enn ho song med bordet.

32. Ein held det for god folkaskikk  
å sitja med bordet til alle har ete.

33. Ein sa og segjer ikkje fakk for  
maten til kvardags når det barre var  
huses folk. Daglanarar som har koston  
på garden segjer jamnast fakk for maten.

34. Ligne maten, da ein framand  
som kom inn under mat tidet

35. Har ikkje høyrst at her er nokon viss regel for at ein må be framandfolk å eta med når dei kjem inn under måltidet i men eg har set at det har vore gjort når dei framande kom inn fyrst i måltidet.

36. Det vert jamnast stelt til mat åt ein framand som kjem til gards mellom måltidene.

37. Det har vore, og er skjikk, at ein set fram det likaste ein har i huset når det kjem framande.

38. Ein hadde jamnast ein kopp kaffi til den som kom innom.

Tiljeten stod ikkje på heile dagen  
 Det er slik no og.

39. Ein lar jamnast ein framand eta i stova. Fyrsta eg kan minnst åt dei framande åleine når dei kom til gards mellom måltidene. eller no at husfaun jamt saman med dei.

40. Har sett at eiobilde gamle folk må ein nøgja til å forsy na seg. eller den skikken er her lite at av no.

41. Let ein gjesten eta åleine so set jamnast ein kvar inne og prata med han om han. ikkje er med å et. Den som er inne set seg eit stykke frå bordet. eller eg har aldri høyrst at nokon set seg med ryggen halvvegs til.